



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Jens Tore Eggum
Telefon: 57 65 51 26
E-post: jte@fmsf.no

Vår dato
09.02.2009
Dykkar dato
19.12.2008

Vår referanse
2008/5537 - 620
Dykkar referanse

Barne- og likestillingsdepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo

BARNE OG LIKESTILLINGSDEP.	
Andringsnr	410-00
Dato	11.2.2009
Saksnr	2008/05249 -021

Forslag til endringer i barnevernlova - overføring av det overordna faglege tilsynet til Statens Helsetilsyn

Barne- og likestillingsdepartementet har i høyringsnotat datert 19.12.08 bede om høyringsinstansane sine synspunkt på forslaget om å leggja det overordna faglege ansvaret for tilsynet med barnevernet til Statens helsetilsyn.

Fylkesmannen er einig i forslaget og sluttar seg til dei argumenta departementet ligg til grunn for dette forslaget. Fylkesmannen saknar eit sentralt punkt i høyringsnotatet som omhandlar tilsynsansvar med Bufdir og Bufetat.

Bufdir er med sine underliggjande regionale einingar, ein betydeleg aktør på barnevernområdet. Dei er eigar og har driftsansvar for ei rad tiltak som skal ha tilsyn. I tillegg til skal dei godkjenne og føre kvalitetskontroll med private tiltak.

Ei viktig oppgåve for tilsynet er å bidra til kontinuerleg overvaking av område med fare for svikt. Slik det har vore til no, og er foreslått vidare, vil tilsynet berre omfatte ein del av den totale verksemda på området. Ei tilpassing av regelverket som opnar for eit heilskapleg tilsyn bør gjerast samstundes med overføringa.

Ved ei overføring vil det vere naturleg å tilpasse regelverket slik at Helsetilsynet sitt tilsynsansvar med barnevernet òg omfattar tilsyn med Bufetat og Bufdir. Dette vil og gi samsvar med Helsetilsynet sitt tilsynsansvar som vert utført med dei regionale helseføretaka

Ei overføringa av det overordna faglege ansvaret for tilsynet må også få betydning for namnevalet Helsetilsynet. Ved at sosialtenesta tidlegare er overført til Helsetilsynet, og no barnevernet, er det naturleg at dette må gjenspelast i namnevalet.

Med helsing

Petter Øgar
fylkeslege

Jens Tore Eggum
rådgjevar